

**Utval:** Utval for miljø og samferdsel  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3. etasje i fylkeshuset, Bergen  
**Dato:** 11.01.2017  
**Tidspunkt:** 11.00-15.05

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Parti	Merknad
Synnøve Solbakken	Medlem	A	
Atle Kvåle	Medlem	A	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	
Per Lerøy	Medlem	A	
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H	
Svein Halleraker	Medlem	H	
Iril Schau Johansen	Medlem	H	
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	Frp	
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KrF	
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG	
Nils T. Bjørke	Leiar	Sp	
Jon Askeland	Medlem	Sp	
Marthe Hammer	Nestleiar	SV	
Geir Angeltveit	Medlem	V	

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Parti
Gustav Bahus	Medlem	Frp

**Følgjande varamedlemer møtte:**

Navn	Møtte for	Parti
Inger Signe Ulvund	Gustav Bahus	Frp

**Frå administrasjonen møtte:**

Navn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar forvaltningsseksjonen
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar vegseksjonen
Sølve Sondbø	Klima- og naturressurssjef, regionalavdelinga
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Olav Finne	Avdelingsdirektør Statens vegvesen
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen  
sekretær

**Sakliste**

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 1/17	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 2/17	Godkjenning av møtebok førre møte		
PS 3/17	Referatsaker (meldingar)		
RS 1/17	Svar på spørsmål om bruk av innfartsparkering	2016/412	
RS 2/17	Svar på spørsmål om vegstatus på Storesvingen mot Rubbestadneset og om veglys for gåande og sykistar	2016/412	
RS 3/17	Administrativ fråsegn om forslag til klimalov	2016/34767	
RS 4/17	Svar på spørsmål om oppsetting av mur langs Lepsøyvegen	2016/412	
PS 4/17	Omklassifisering av eksisterande E16 i samband med bygging av ny E16 på strekninga Slæn i Voss kommune til Hyland i Aurland kommune - høyringsuttale	2014/17253	
PS 5/17	Søknad om fråvik frå vegenormalane til reguleringsplan for Fv. 565 Mastrevik-Kilstraumen i Austrheim kommune	2016/34999	
PS 6/17	Klimapartner Hordaland - vidare utvikling	2014/24656	
PS 7/17	Fylkesvegprosjekt i Kvinnherad - forskottering i framtidig Kvinnheradpakke	2016/35026	
PS 8/17	Alversund bru - opplegg for val av bruløysing	2016/3640	
PS 9/17	Sak om status i arbeidet med framkomsttiltak	2016/35144	
PS 10/17	Ymse		

**PS 1/17 Godkjenning av innkalling og saksliste****Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.01.2017****Vedtak**

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

**PS 2/17 Godkjenning av møtebok forrige møte****Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.01.2017****Vedtak**

Møteprotokollen frå møte 01.12.2016 vart godkjend utan merknader.

## **PS 3/17 Referatsaker (meldingar)**

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.01.2017**

#### **Vedtak**

Referatsaker 1-4/17 vart refererte.

## **PS 4/17 Omklassifisering av eksisterande E16 i samband med bygging av ny E16 på strekninga Slæn i Voss kommune til Hylland i Aurland kommune - høyringsuttale**

#### **Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet tilrår at gamlevegen på E16 på strekninga Slæn i Voss kommune til Hylland i Sogn og Fjordane og Aurland kommune, vert omklassifisert til kommunal veg når det vert opna ny tunell på strekninga mellom Hylland og Slæn.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.01.2017**

Iril Schau Johansen (H) sette på vegner av H, Frp, MDG, V, Hrf, Sp og A fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet tilrår ikkje at gamlevegen på E16, Slæn i Voss til Hylland i Sogn, vert omklassifisert til kommunal veg når det vert opna ny tunnel på strekninga.

Fylkesutvalet meiner at Stalheimskleivi, med tilførsel i begge endar, bør vere riksveg.»

#### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Johansen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet tilrår ikkje at gamlevegen på E16, Slæn i Voss til Hylland i Sogn, vert omklassifisert til kommunal veg når det vert opna ny tunnel på strekninga.

Fylkesutvalet meiner at Stalheimskleivi, med tilførsel i begge endar, bør vere riksveg.

## **PS 5/17 Søknad om fråvik frå vegnormalane til reguleringsplan for Fv. 565 Mastrevik-Kilstraumen i Austrheim kommune**

#### **Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet viser til søknad om fråvik frå vegnormalane i samband med reguleringsplanen til Fv. 565 Mastrevik-Kilstraumen i Austrheim kommune.

Fylkesutvalet godkjenner følgjande fråvik i samsvar med tilrådinga frå fråviksgruppa i Statens vegvesen, fråviksak;

- sak 59/16 Dimensjonerande kjøretøy og kjøremåte
- sak 60/16 Horisontalkurveradius
- sak 63/16 Overhøgde og resulterande fall

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.01.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

#### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet viser til søknad om fråvik frå vegnormalane i samband med reguleringsplanen til Fv. 565 Mastrevik-Kilstaumen i Austrheim kommune.

Fylkesutvalet godkjenner følgjande fråvik i samsvar med tilrådinga frå fråviksgruppa i Statens vegvesen, fråviksak;

- sak 59/16 Dimensjonerande kjøretøy og kjøremåte
- sak 60/16 Horisontalkurveradius
- sak 63/16 Overhøgde og resulterande fall

## **PS 6/17 Klimapartnar Hordaland - vidare utvikling**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet i Hordaland tar saka til orientering og støttar at Klimapartnar Hordaland vert vidareført.
2. Klimapartnar Hordaland held fram som tiltak i klimaplanens handlingsprogram for perioden 2017 – 2020. Innan utgangen av 2019 må ein vurdere fylkeskommunen si rolle og eventuell økonomisk støtte på nytt.
3. Fylkesutvalet føreset at Hordaland fylkeskommune får ein plass i styringsgruppa.

### **Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 10.01.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet i Hordaland tar saka til orientering og støttar at Klimapartnar Hordaland vert vidareført.
2. Klimapartnar Hordaland held fram som tiltak i klimaplanens handlingsprogram for perioden 2017 – 2020. Innan utgangen av 2019 må ein vurdere fylkeskommunen si rolle og eventuell økonomisk støtte på nytt.
3. Fylkesutvalet føreset at Hordaland fylkeskommune får ein plass i styringsgruppa.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.01.2017**

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet i Hordaland tar saka til orientering og støttar at Klimapartnar Hordaland vert vidareført.
2. Klimapartnar Hordaland held fram som tiltak i klimaplanens handlingsprogram for perioden 2017 – 2020. Innan utgangen av 2019 må ein vurdere fylkeskommunen si rolle og eventuell økonomisk støtte på nytt.
3. Fylkesutvalet føreset at Hordaland fylkeskommune får ein plass i styringsgruppa.

## **PS 7/17 Fylkesvegprosjekt i Kvinnherad - forskottering i framtidig Kvinnheradpakke**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget er positiv til arbeidet med Kvinnheradpakken og sluttar seg til realisering av prosjekta Fv 48 Lundssvingane og Rosendal kai/ kollektivknutepunkt slik det framgår av denne saka, med eit totalt kostnadsanslag på 53 millionar kroner eksklusive mva. Kvinnherad kommune er byggherre, og dermed ansvarleg for eventuelle meirkostnader.

Det er ein føresetnad at prosjekta får høg prioritet i den framtidige Kvinnheradpakken.

2. Fylkestinget har gjennom vedtak av Plan og byggeprogrammet for 2017 løyvd eit tilskot på 10 millionar kr til Lundssvingane og Rosendal kai/kollektivknutepunkt, fordelt på 2017 og 2018. Tilskotet vil bli omgjort til fylkeskommunalt bidrag i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.
3. Fylkestinget godkjenner forskotteringssøknaden frå Kvinnherad kommune på totalt 10 millionar kroner. Forskotteringen er på vanlege vilkår, utan kompensasjon for prisstigning og renter. Refusjon skjer i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.

Kvinnherad kommune har risikoen dersom Kvinnheradpakken ikkje skulle bli realisert, og må i det tilfellet finna anna finansiering.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.01.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget er positiv til arbeidet med Kvinnheradpakken og sluttar seg til realisering av prosjekta Fv 48 Lundssvingane og Rosendal kai/ kollektivknutepunkt slik det framgår av denne saka, med eit totalt kostnadsanslag på 53 millionar kroner eksklusive mva. Kvinnherad kommune er byggherre, og dermed ansvarleg for eventuelle meirkostnader.

Det er ein føresetnad at prosjekta får høg prioritet i den framtidige Kvinnheradpakken.

2. Fylkestinget har gjennom vedtak av Plan og byggeprogrammet for 2017 løyvd eit tilskot på 10 millionar kr til Lundssvingane og Rosendal kai/kollektivknutepunkt, fordelt på 2017 og 2018. Tilskotet vil bli omgjort til fylkeskommunalt bidrag i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.
3. Fylkestinget godkjenner forskotteringssøknaden frå Kvinnherad kommune på totalt 10 millionar kroner. Forskotteringen er på vanlege vilkår, utan kompensasjon for prisstigning og renter. Refusjon skjer i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.

Kvinnherad kommune har risikoen dersom Kvinnheradpakken ikkje skulle bli realisert, og må i det tilfellet finna anna finansiering.

## **PS 8/17 Alversund bru - opplegg for val av bruløysing**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til tilrådinga i moglegheitstudien av fv. 565 Alverstraumen frå Statens vegvesen om val av trase i korridor midt som løysing for ny bru, og ber om at det vert sett i gang planarbeid for ny Alversund bru.
2. Fylkesutvalet støttar at ein går i gang med avgrensa og kortsiktig vedlikehald av Alversund bru i 2017/2018, noko som vil gi ei forlenga levetid av bruva på omlag 10 år.
3. Fylkesutvalet vil kome attende til eventuell prioritering og finansiering av ny Alversund bru i samband med handsaming av handlingsprogrammet til Regional transportplan 2018-2029.

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.01.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til tilrådinga i moglegheitstudien av fv. 565 Alverstraumen frå Statens vegvesen om val av trasé i korridor midt som løysing for ny bru, og ber om at det vert sett i gang planarbeid for ny Alversund bru.
2. Fylkesutvalet støttar at ein går i gang med avgrensa og kortsiktig vedlikehald av Alversund bru i 2017/2018, noko som vil gi ei forlenga levetid av brua på omlag 10 år.
3. Fylkesutvalet vil kome attende til eventuell prioritering og finansiering av ny Alversund bru i samband med handsaming av handlingsprogrammet til Regional transportplan 2018-2029.

## **PS 9/17 Sak om status i arbeidet med framkomsttiltak**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet vil peike på at betra framkomst for bussen er ein vesentleg føresetnad for å nå ambisiøse mål om vekst i kollektivtrafikken i Bergensområdet, og legg til grunn at framkomsttiltak for bussen vert definert som eige prosjekt i arbeidet med byvekstavtalen for Bergen.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at bruk av to av fire felt som kollektivfelt på innfartsårene vert teke opp i arbeidet med byutgreiinga for Bergen.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at dei relevante offentlege etatane organiserer seg og byggar opp kompetanse og ressursar, for å sikra at nullvekstmålet for biltrafikk i Bergensområdet vert nådd.

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.01.2017**

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, A, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 2:

Fylkesutvalet viser til at fylkestinget har vedtatt at kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppe bussane fram. Fylkesutvalet ber om at Statens vegvesen våren 2017 legg fram ein plan for korleis dette kan gjennomførast.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Hammer sitt forslag til punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet med 10 røyster mot 5 røyster (H, Frp) for fylkesrådmannen sitt forslag.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet vil peike på at betra framkomst for bussen er ein vesentleg føresetnad for å nå ambisiøse mål om vekst i kollektivtrafikken i Bergensområdet, og legg til grunn at framkomsttiltak for bussen vert definert som eige prosjekt i arbeidet med byvekstavtalen for Bergen.
2. Fylkesutvalet viser til at fylkestinget har vedtatt at kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppe bussane fram. Fylkesutvalet ber om at Statens vegvesen våren 2017 legg fram ein plan for korleis dette kan gjennomførast.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at dei relevante offentlege etatane organiserer seg og byggjer opp kompetanse og ressursar, for å sikra at nullvekstmålet for biltrafikk i Bergensområdet vert nådd.

## **PS 10/17 Ymse**

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.01.2017**

Sakene vart behandla i slik rekjkjefølgje: PS 4-9/17.

#### **ORIENTERINGAR**

Senioringeniør Tore Bergundhaugen og seniorrådgjevar Kirsti Arnesen frå Statens vegvesen:

- Orientering om vegruter og visningsmål og utgreiingsarbeidet for dei øvrige fylkesvegane

Direktør Mette Svanes frå Bergen kommune:

- Orientering om planforslaget for byggjetrinn 4 på Bybanen

Leiar regional samhandling Lars Christian Stendal frå Jernbanedirektoratet:

- Godsstrategi og styrking av terminalkapasiteten på Bergensbanen / Bergen godsterminal – Nygårdstangen
- Fjerntog utanom storbyregionane
- Utviklinga av persontrafikk på Bergensbanen

Nytt frå Skyss v/direktør Oddmund Sylta:

- Jernbanetilsynet si påpeiking av manglar ved leverandørstyringa: Avviket vil verte lukka så snart som mogleg.
- Bybanen, siste kvartal: Kundetilfredsheit – 99 %, Punktlegeheit – 98 %.
- Pantografane (straumavtakarane på taket av Bybanen) som tidlegare vart øydelagde vil kome på plass igjen i løpet av kort tid.

Nytt frå Statens vegvesen v/avdelingsdirektør Olav Finne:

- Orientering om beredskapen under uveret 2. juledag og 30. desember. Det var ingen alvorlege hendingar.
- Drepne i trafikken i Hordaland – utvikling

#### **INNSENDE SPØRSMÅL**

**Astrid Aarhus Byrknes (KrF)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

##### **«Ferjetilbodet til Fedje**

Som de sikkert kjenner til gjekk Fedjefjord på grunn 22. november, reserveferja Strand vart totalskadd etter ein brann i slutten av oktober, og dette medførte at Utne vart satt inn i sambandet. Utne er ei flott og ny ferje, men er ikkje tilpassa påkjenningane som er normale i Ferjesambandet. Og det tok ikkje lang tid før dei første problema meldte seg, sjølv om det ikkje var skikkeleg ruskever. (Gjer for ordens skuld merksam på at også Strand har hatt sine avgrensingar på sambandet.)

Alle forventa at Fedjefjord snart ville vere tilbake, og at denne usikkerheita snart ville vere over. Der er alltid folk som klagar inkl på Fedje, men generelt føler eg at folk er veldig tolmodige og forståelsesfulle for situasjonen. Vekene har gått og etter kvart har eg forstått at det kan ta ei tid før Fedjefjord er tilbake i drift, samtidig har veret vorte därlegare(som ikkje er unormalt på denne tida) og ferja har vore instilt fleire gonger, i værtihøve der Fedjefjord ikkje ville haft noko problem med å gå. Folket på Fedje uttrykkjer difor bekymring og eg har fått spørsmål om å ta dette opp gjennom MISA.

Situasjonen har ført til nokre veldig usikre dagar der folk ikkje anar om det er mogleg å reise på jobb og i neste omgang råd å komme seg heim igjen. Eg har også fått innspel frå det lokale næringslivet, som ofte er avhengige av ulike tenester frå fastlandet, som opplever den same situasjonen og det er nesten uråd å planlegge arbeidskvardagen.

Men det som eg er mest bekymra for og som eg får innspel frå innbyggjarar på Fedje om er beredskapssituasjonen. Det er blitt meg fortald at der det kan oppstå ein kritisk situasjon der legehelikoteret ikkje kan komma og der ein er avhengig av at ferja kan gå. Kva skjer då ?.

Ryktene seier at Fedjefjord ikkje ville vere tilbake før mai..., februar... men kanskje januar?

Den siste tida sine hendingar har i alle fall vist oss at Fedje er særslig sårbar når Fedjefjord er ute av drift og her snakkar vi ikkje om 3 timars omkjøring, men meir eller mindre total isolasjon.

Mitt spørsmål er:

Når vil Fedjefjord vere tilbake i normal og full drift?»

**Per Lerøy (A)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

**«Ferjetilbodet til Fedje**

M/F «Fedjefjord» har vore ute av drift i lang tid og sidan reserveferja M/F «Strand» vart totalskada av brann i haust, har ein nytta M/F «Utne» som erstatningsferje for M/F «Fedjefjord».

Det har vist seg at M/F «Utne» ikkje eignar seg i den værharde ruta mellom Sævrøy og Fedje. Den har ved fleire høve fått motorstopp når sjøen har vore grov. Dette har resultert i at Norled har sett inn skyssbåt på strekninga når det har vore varsle dårleg vær.

Me veit at det har vore fleire hendingar med både M/F «Fedjefjord», M/F «Strand» og M/F «Utne» det siste halve året. Har Skyss ei oversikt over alvorlege hendingar på ferjestrekninga Fedje – Sævrøy i haust og vinter?

Arbeidarpartiet i Hordaland ber om at Skyss gjer greie for kva som vert gjort for å sikra eit trygt og godt ferjesamband mellom Fedje og Sævrøy, både på kort og lang sikt. Me meiner at det ikkje kan akseptast at Norled ikkje har ei reserveferje til sambandet som fungerer tilfredstillande i dårleg vær.

Arbeidarpartiet er også kritisk til at det vert akseptert at hovudferja på Fedje-sambandet normalt har sitt årlege verkstadopphold om hausten. Dette er ein periode der det ofte kan vera dårleg vær, noko reserveferjene har takla dårleg.

Me vil også trekka fram att innspelet som me kom med då anbodspapira for den nye kontraktperioden vart utarbeida, der me rådde til at ein burde byggja tre identiske ferjer med ein kapasitet på 40 – 50 personbileiningar, og la to av desse trafikkera Fensfjordsambandet og ei sambandet til Fedje. Ei slik løysing vil gjera sambanda langt mindre sårbar for driftsavbrot. Det er viktig å merka seg den store og positive næringsutviklinga som skjer på begge sider av Fensfjorden. Dette vil på sikt gjera det aktuelt å få fleire avgangar over fjorden morgen og ettermiddag enn det som let seg gjera med ei ferje. Ei slik løysing som me skisserer her, vil også gjera det lettare å avvikla trafikken på begge sambanda når ferjene har sine årlege verkstadopphold.»

**Direktør Oddmund Sylta** i Skyss svarte samla på spørsmåla fra Byrknes og Lerøy:

«I perioden 22. november har MF Fedjefjord vore ute av trafikk slik at MF Utne har fungert som reserveferje for sambandet Sævrøy – Fedje. Årsaka til at MF Fedjefjord hadde grunnstøyting ved Sævrøy i november var ein teknisk feil. Reserveferja MF Utne hadde ei hending med samanstøyt med kai i desember. Årsaka til hendinga er ein kombinasjon av sannsynleg operatørfeil og varmgang på den eine motoren. Det er problema med varmgang som har vore primærårsaka til innstillingane MF Utne har hatt i dårleg vær. Kjølesystemet er no bygd noko om og vil verte ytterlegare forbetra ved seinare høve. Ferja tåler meir sjø per i dag enn ho gjorde tilsvarande i desember, og vil kunne vere meir stabil i framtidig drift i sambandet Sævrøy - Fedje med ytterligare forbeteringar av kjølesystemet. Sambandet har tidlegare hatt stabil drift med hovudferja MF Fedjefjord. Norled reknar med at MF Fedjefjord er tilbake i ruta i midten av januar.

I perioden 22. november til 3. januar har Fedje vore utan ferjetilbod på til saman 77 turar. Avtalt produksjon i same tidsrom er 960 turar, dvs. ein kanselleringgrad på 8 % av turane. Skyssbåt er satt inn i 46 av dei 77 kansellerte ferjeturane, noko som tilseier at Fedje har vært utan fastlandsforbindelse i 31 av 960 turar (3 %). Det vert opplyst av Norled at mange av båtturane har vore utan passasjerar om bord. Etter kontrakten skal operatør ved driftsavbrot ha reserveferje på plass innan 12 timer. I løpet av 4 timer skal det vere sett opp båtrute som tilbod til passasjerar utan bil.

Skyss har gjennom faste møte med operatørane og dialog elles utanom faste møter god kontakt med operatørar om drift av ferjesambanda i Hordaland der ein har fokus på blant anna regularitet, punktlegheit, tryggleik og uønskte hendingar. Sambandet Sævrøy - Fedje har vore og vert drifta med same tryggleik som samanliknande samband. Norled er operatør av sambandet ut 2019, og Fjord1 tek over som operatør frå 2020. Alle operatørar er underlagt strenge krav til tryggleik og korleis tryggleik skal forvaltast.

På grunn av ferieavvikling er det normalt utfordrande å gjennomføre verkstadsopphald i sommarperioden. Tidspunkt for verkstadoppdrag vert styrt av tidspunkt for sertifikatutløp, der verkstadsopphaldet må gjennomførast innanfor ein definert tidsperiode. Norled prøver i størst mulig grad å ta omsyn til periodar der ein veit av erfaring at det er størst usikkerhet med omsyn til værforholda, men operatør må også ta omsyn til tidspunkt for utløp av sertifikat. Når det gjeld ferja MF Utne, så har Norled orientert om at dei vil gjennomføre tiltak, slik at denne ferja kan operere i meir stabil drift i sambandet. MF Fedjefjord har i mange år hatt sin periode for vedlikehald i september/oktober og det har vore svært få, om nokon, innstillingar knytt til at dette er ein periode med mykje dårlig ver. Det at MF Fedjefjord no er på verkstad har sin årsak i grunnstøytinga i november.

Sambandet Sævrøy - Fedje er under fartsområde 3. Dette medfører at det er det er andre stabilitetskrav, krav til redningsmidlar om bord samt krav til plassering av passasjersalong over dekk i for ferjer som trafikkerer i fartsområde 3 i forhold til fartsområde 2. I Hordaland er det Sævrøy - Fedje og Langevåg - Buavåg som er under fartsområde 3. På kort sikt er det i Hordaland i dag berre MF Utne som kan vere reserveferje for MF Fedjefjord.»

**Geir Angeltveit (V)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

«Kvífor er ikkje overgangen på Fantoft lysregulert? Det har vore fleire ulykker mellom Bybanen og bil (minst fire, seinast i dag, 09.01.2017).

Antar det er ei teknisk årsak. Kvar gong det skjer ei ulykke lammast kollektivtilbodet til ein bydel på 40000.»

Fylkesdirektør samferdsel opplyste at dette var grundig vurdert i planfasen. Sikten og farten i området tilsa at det var trygt å krysse utan lysregulering. Arealbruken i området var og ein faktor som vart vektlagt.

Når det gjeld oppfølging av dei aktuelle ulukkene, vart det vist til det generelle tryggleiksarbeidet i driftsselskapet, noko som m.a. inneber at alle uhell vert analyserte. Endringar vert gjort dersom det er nødvendig.

## SPØRSMÅL I MØTET

**Stein Inge Ryssdal (H)** bad om informasjon om den nye byvekstavtalen. Fylkesdirektør samferdsel opplyste at den tidlegare bymiljøavtalen og byutviklingsavtalen er slått sammen til byvekstavtalen. Forhandlingane om ny avtale vil gå som planlagt, med mål om å verte ferdig før sommaren. Mandatet vil ligge føre om kort tid. Ryssdal bad om å få ytterlegare informasjon når problemstillingane rundt byvekstavtalane er vorte klarare.

På spørsmål frå **Natalie Golis (MDG)** opplyste fylkesdirektør samferdsel at han reknar med at fylkeskommunen si høyringsfråsegn til statleg plan for Hordfast skal leggjast fram for dei tre hovudutvala før fråsegna vert behandla i fylkesutvalet.

**Atle Kvåle (A)** etterspurde status for arbeidet med det nye regionale bompengeselskapet. Fylkesdirektør samferdsel opplyste at det er etablert eit AS og at ein er i ferd med å etablere styringsstruktur og gjere selskapet operativt. Neste steg vert å fase inn dei tidlegare bompengeselskapet. Utvalet vil få ytterlegare orientering i eit seinare møte.

## INFORMASJON

**Utvalsleiaren** opplyste at neste møte i utvalet - 7. og 8. februar - vil verte lagt til Nordhordland, med overnatting.

**Utvalsleiaren** opplyste også om at det er opna for at utvalet kan ta ein studietur til utlandet i valperioden. Ettersom det er stortingsval til hausten, vil det vere best å leggje ein slik studietur til våren 2018.